

Spesifisering av endringar i føresegner og retningsliner til 2. gongs høyring

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
14	H110 Sikringssone drikkevatn – forenkling	4.1.1 Sikringssone for drikkevasskjelde a. Eigar av vassforsyningssystem skal sjå til at det blir planlagt og gjennomført nødvendig vern for å forhindre fare for forureining av drikkevatnet, og om nødvendig erverve rettigheter for å oppretthalde vernet, jf. drikkevatnforskrifta § 26. b. Innanfor sikringssona er det ikkje tillate med aktivitet eller fysiske inngrep som kan medføre fare for forureining av vasskjelda. c. Tilrettelegging for alminneleg ferdsel og friluftsliv som ikkje medfører fare for forureining av vasskjelda, kan tillatast. d. Driftsbygningar for jord- og skogbruk i forbindelse med eksisterande gardar, med dette også våningshus og kårustad, er tillate under føresetnad at føresegnene nedanfor gjeldande avløp blir følgd. e. For eksisterande og moglege nye bygg, samt oppgradering av eksisterande avløpsanlegg, gjeld forureiningslova, forureiningsforskrifta, føresegner i lokal avløpsforskrift og klausuleringsføresegner. f. I sikringssona er det eit forbod mot all installasjon og bruk av nedgrave drivstoff- og kjemikalietankar og liknande. g. Forbod mot lagring av oljeprodukt, kjemikaliar og plantevernmiddel i større mengder enn det som er nødvendig for eiga gardsdrift og hushaldning. Tankar skal ha moglegheit for oppsamling for det aktuelle volum i tilfelle utsepp. h. Persistente pesticidar (ikkje-nedbrytbare plantevernmiddel) må ikkje bli nytta i sikringssona.	4.1.1 Sikringssone for drikkevasskjelde Sikringssonene er i samsvar med nedbørsfeltet til drikkevasskjeldene. Formålet med føresegnene er å redusere fare for forureining av drikkevatnet. a. Arealbruksendringar og tiltak som krev større natur-/terrenginngrep skal bli utgreia med omsyn til drikkevasskjelda. Planar om slike tiltak må bli lagt fram for kommunal myndigheit for drikkevatn. b. Ny næringsverksemd skal ikkje bli etablert dersom det er fare for forureining eller forverring av vasskvaliteten. Nye planar må bli lagt fram for kommunal myndigheit for drikkevatn/eigar av vassverket for godkjenning. c. Dersom kjelda til vassverket blir flytta utanfor nedbørsfeltet eller vassverket blir nedlagt, så vil ikkje sikringssona vere gjeldande. <i>Retningsliner :</i> i. Innanfor sikringssonene er det spesielt viktig at transport og lagring av kjemikalie, husdyrgjødsel, avløpsslam, plantevernmiddel, drivstoff, oljehaldige produkt og andre forureinande forbindelsar blir gjort på ein slik måte at det ikkje utgjør fare for forureining av vassførekomst. Dette gjeld også handtering av maskiner eller andre køyretøy samt behaldarar og utstyr som har innehalde olje, drivstoff, kjemikalie eller plantevernmiddel må bli gjort på ein slik måte at det ikkje fører til forureining av vassførekomst. ii. Alle planar om arrangement og aktivitet der det kan vere tvil om forureiningsfare, skal bli lagt fram for kommunal myndigheit for drikkevatn/eigar av vassverket før aktiviteten kan bli tillate. Dette gjeld også når vasskjelda er islagt. iii. Ved ombygging og nyanlegg av skogsvegar skal omsyn til drikkevatn bli vektlagt.
17	Forhold til andre planar - forenkling	1.3 Forhold til andre planar (§1-5) Gjeldande reguleringsplanar blir supplert av kommuneplanen sine føresegner og retningsliner der tilsvarande tema ikkje er behandla i reguleringsplanen. Dersom eit tema er behandla i kommuneplan og reguleringsplan med ulike formål eller føresegner, er det kommuneplanen som gjeld.	1.3 Forhold til andre planar (§1-5) I planhierarkiet gjeld følgjande a. Reguleringsplanar gjeld framfor kommuneplanen sin arealdel. b. Kommunedelplanar gjeld framfor kommuneplanen sin arealdel. c. For kommunedelplanar eller reguleringsplanar som ikkje angir

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til						
		Reguleringsplanar som fortsatt skal gjelde uendra, er markert med omsynssone og plan-ID i plankartet til kommuneplanen sin arealdel. Sjå pkt. 4. I planhierarkiet gjeld følgjande a. Reguleringsplanar gjeld framfor kommuneplanen sin arealdel. b. Kommunedelplanar gjeld framfor kommuneplanen sin arealdel. c. For kommunedelplanar eller reguleringsplanar som ikkje angir arealformål eller manglar byggegrense, og som er utarbeidd etter PBL før 2008, gjeld kommuneplanen sine arealformål og byggegrenser. d. For kommunedelplanar eller reguleringsplanar som ikkje angir arealformål eller har manglande føresegner, og som er utarbeidd etter PBL før 2008, skal kommuneplanen sine føresegner gjelde eller utfylle reguleringsplanen sine føresegner. e. Rekkefølgekrav gitt i pkt. 2.5 gjeld også for regulerte område. 4.3.1 Reguleringsplanar som skal gjelde uendra Reguleringsplanar som skal gjelde utan endringar framfor kommuneplanen, er i plankartet vist med omsynssone og angitt plan-ID jf. PBL § 11-8 f. Følgjande reguleringsplanar skal fortsatt gjelde med desse tilleggsføresegnene...	arealformål eller manglar byggegrense, og som er utarbeidd etter PBL før 2008, gjeld kommuneplanen sine arealformål og byggegrenser. d. For kommunedelplanar eller reguleringsplanar som har manglande føresegner, og som er utarbeidd etter PBL før 2008, skal kommuneplanen sine føresegner gjelde eller utfylle reguleringsplanen sine føresegner. e. Rekkefølgekrav gitt i pkt. 2.5 gjeld også for regulerte område. 4.4.1 Reguleringsplanar som skal gjelde Reguleringsplanar som skal gjelde framfor kommuneplanen, er i plankartet vist med omsynssone og angitt plan-ID jf. PBL § 11-8 f. Sjå supplerande føresegner i pkt. 3.1.2.1 og tilleggsføresegner i tabellen under..						
18	PlanID 199601 Byggegrense	4.3.1 Reguleringsplanar som skal gjelde uendra <table><tr><td>199601</td><td>Reiårsvatn hyttefelt</td><td></td></tr></table>	199601	Reiårsvatn hyttefelt		4.4.1 Reguleringsplanar som skal gjelde <table><tr><td>199601</td><td>Reiårsvatn hyttefelt</td><td>Byggegrensa følgjer formålsgrense.</td></tr></table>	199601	Reiårsvatn hyttefelt	Byggegrensa følgjer formålsgrense.
199601	Reiårsvatn hyttefelt								
199601	Reiårsvatn hyttefelt	Byggegrensa følgjer formålsgrense.							
24 36 53	Retningslinjer for villreinområda - presisering	5.1.4 Omsynssone nasjonalt villreinområde H580 a. I omsynssona skal ein legge stor vekt på villreinen sine interesser i all arealforvaltning og saksbehandling. Landbruk, næringsutvikling og friluftsliv kan fortsette og vidareutviklast innan gitte rammer jf. Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen).	4.2.4 Omsynssone nasjonalt villreinområde H580 Retningslinjer: i. I omsynssona skal ein legge stor vekt på villreinen sine interesser i all arealforvaltning og saksbehandling. Landbruk, næringsutvikling og friluftsliv kan fortsette og vidareutviklast innan gitte rammer. ii. Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) sine retningslinjer gjeld for omsynssona.						
27 50	KBA01 Austadneset kombinert formål B12 Austadneset bustadområde Meklingsresultat	3.1.1.2 Bustadområde - framtidig a. I framtidige område for bustad, er det krav om utarbeiding av detaljregulering jf. planføresegnene kapittel 2. b. Utnytting og høgder blir sett gjennom regulering.	3.1.1.2 Bustadområde - framtidig a. I framtidige område for bustad, er det krav om utarbeiding av detaljregulering jf. kapittel 2. b. Utnytting og høgder blir sett gjennom regulering.						

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
		c. Ved søknad om oppføring av bustad må tinglyst rett til tilkomst og parkering bli dokumentert, visst det ikkje går fram av reguleringsplan. 3.1.9 Kombinert bygg- og anleggsformål Eksisterande og framtidige område der det er tillate med kombinasjon av formål. a. Det er krav om detaljregulering for områda. <u>KBA01</u> a. Omsyn til dyrka mark og kulturminne skal bli vurdert særskilt i detaljreguleringsarbeidet. b. Det er viktig å tydeleggjere skilje mellom bustad- og fritidsbustadområde i utarbeiding av detaljregulering.	c. Ved søknad om oppføring av bustad må tinglyst rett til tilkomst og parkering bli dokumentert, visst det ikkje går fram av reguleringsplan. <u>B12 (Austadneset)</u> d. Innan området kan det bli ført opp inntil 10 einebustader/bueiningar. e. I vidare reguleringsplanarbeid skal eit samanhengande areal på minimum 25 daa bli gitt formål «landbruksformål – område for jordbruk», og gis føresegn om opparbeiding som fulldyrka mark (funksjonskrav). f. Dyrkbar mark som ikkje er regulert til byggeformål skal ha, og sikrast, ein funksjonell samanheng for landbruket med fulldyrka jorda, jf. punktet ovanfor (funksjonskrav). 3.1.9 Kombinert bygg- og anleggsformål Eksisterande og framtidige område der det er tillate med kombinasjon av formål. a. Det er krav om detaljregulering for områda. <u>KBA01 (Austadneset)</u> b. Kombinert bustad, fritidsbustad, næring.
30	Parkeringsområde P01 Tangen P02 Rakkenes P03 Åraksbø Utan plankrav	3.2.2 Parkering Areal avsett til parkering. <u>P01</u> a. Område avsett til dagparkering.	3.2.2 Parkering Areal avsett til parkering. a. Tilrettelegging og opparbeiding av områda er unnateke plankrav. <u>P01(Tangen)</u> b. Område er avsett til dagparkering.
34 52	Forvaltning vatn - vurdering etter §12 i vassforskrifta	2.9.8 Forholdet til vassforskrifta a. Ved etablering av ny verksemd som kan ha negativ verknad på vassførekomstar, skal det bli gjort vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 4, 5 og 6. Kan ny aktivitet eller inngrep medføre at miljøtilstanden blir forringa eller at miljømål jf. § 4-7 ikkje nås, skal aktiviteten eller inngrepet bli behandla etter § 12. b. Inngrep og aktivitetar som kan påverke miljøtilstanden, må bli vurdert i samband med søknad eller utarbeiding av detaljplan. Vurderinga skal omhandle relevante problemstillingar knytt til forholdet til vassforskrifta kapittel 2 om Miljømål. Vurderinga skal ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Fokus skal vere å sikre økosystema og vasskvaliteten i alt vann, slik at miljøtilstanden (kjemisk og økologisk) ikkje blir forringa og miljømåla kan oppnåes.	2.9.8 Forholdet til vassforskrifta a. Ved etablering av ny verksemd som kan ha negativ verknad på vassførekomstar, skal det bli gjort vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 4, 5 og 6. Kan ny aktivitet eller inngrep medføre at miljøtilstanden blir forringa eller at miljømål jf. § 4-7 ikkje nås, skal aktiviteten eller inngrepet bli behandla etter § 12. b. Inngrep og aktivitetar som kan påverke miljøtilstanden, må bli vurdert på arealplannivå så langt detaljeringsgrad i innspel gjer det mogleg, og bli endeleg vurdert seinast ved søknad eller utarbeiding av detaljplan. Det kan være nødvendig med vurdering etter § 12 på fleire plannivå. Vurderinga skal omhandle relevante problemstillingar knytt til forholdet til vassforskrifta kapittel 2 om miljømål. Vurderinga skal ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Fokus skal vere å sikre økosystema og vasskvaliteten i alt vatn, slik at miljøtilstanden (kjemisk og økologisk) ikkje blir forringa og miljømåla kan bli oppnådd.

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
38	H570 Kulturminne – nye omsynssoner for husmannsplassen Hagen, Longerak kraftstasjon, kyrkjestadane og stasjonsområdet	5.1.3 Omsynssone bevaring kulturmiljø H570 a. I områda ligg rester etter bryggjer som vart nytta då det var dampbåttrafikk på fjorden. Innanfor desse områda skal det ikkje bli etablert tiltak eller bli utøvd aktivitetar som kan skade eller redusere verdien av eksisterande kulturminne. Bryggjene kan bli sett i stand i samråd med vernemynde.	4.2.3 Omsynssone bevaring kulturmiljø H570 Omfattar omsynssone bevaring kulturmiljø etter pbl §§ 12-6 og 11-8c. Alle søknadspåttige tiltak skal bli lagt fram for regional kulturminneforvaltning før det blir fatta vedtak. <i>Retningslinjer:</i> <u>H570_1</u> i. I områda ligg rester etter bryggjer som vart nytta då det var dampbåttrafikk på fjorden. Innanfor desse områda skal det ikkje bli etablert tiltak eller bli utøvd aktivitetar som kan skade eller redusere verdien av eksisterande kulturminne. Bryggjene kan bli sett i stand i samråd med vernemynde. <u>H570_2</u> ii. Områda gjeld husmannsplassen Hagen og Longerak kraftstasjon. Bygningane er bevaringsverdige p.g.a. sine antikvariske, kulturhistoriske og miljømessige verdiar. <u>H570_3</u> iii. Områda gjeld kyrkjestadane. Bygningane med tilhøyrande gravplassar er bevaringsverdige p.g.a. sine antikvariske, kulturhistoriske og miljømessige verdiar. <u>H570_4</u> iv. Området gjeld stasjonsområdet på Byglandsfjord. Området er freda i medhald av kulturminnelova.
39	Byggeskikk og estetikk - tydeleggjering	2.7.2 Byggeskikk og estetikk a. Lokalisering og utforming av nye bygg skal skje slik at dei harmonerer med eksisterande bygningsmiljø med tanke på tomteplassering, struktur, volum, takform, materialbruk og farge. b. Det skal nyttast materialar som høver saman med omgjevnadene. Bygningane skal òg kunne gjenspegle preg og byggeskikk frå si tid. c. Reguleringsplanar skal definere rammer for heilskapleg utforming av grøne bindingar og trafikklysingar innanfor område i sin heilheit.	2.7.2 Byggeskikk og estetikk a. Nye bygningar og anlegg og endringar av eksisterande, skal utformast i samspel med karakteren til omgjevnadane, naturgitte forhold, kulturlandskapet og byggeskikken på staden. b. Reguleringsplanar skal definere rammer for heilskapleg utforming av grøne bindingar og trafikklysingar innanfor område i sin heilheit.

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
40	Bandlegging etter kulturminnelova Pkt. 4.2.2 b) – takast ut	4.2.2 Bandlegging etter kulturminnelova H730 - Innanfor disse områda skal det ikkje bli etablert tiltak eller bli utøvd aktivitetar som kan skade eller redusere verdien av eksisterande kulturminne og kulturmiljø. - Tiltak og aktivitet som bidrar til å fremme områda sin verdi som kulturmiljø, er tillate. Normal ferdsel og bruk av områda til friluftsliv er også tillate. - Innanfor områda angitt med omsynet bevaring kulturmiljø skal alle planlagde tiltak bli sendt til kulturminnemyndigheita for vurdering før kommunen kan fatte vedtak.	4.3.2 Bandlegging etter kulturminnelova H730 - Innanfor disse områda skal det ikkje bli etablert tiltak eller bli utøvd aktivitetar som kan skade eller redusere verdien av eksisterande kulturminne og kulturmiljø. - Innanfor områda angitt med omsynet bevaring kulturmiljø skal alle planlagde tiltak bli sendt til kulturminnemyndigheita for vurdering før kommunen kan fatte vedtak.
41	Omsynssone flaum H320 Manglande nummerering og føresegner til aktsemdsområde, krysstilvising. - Nytt pkt. 4.1.3 a. og pkt. 2.9.3 e.	4.1.3 Faresone for flaum H320 - Omsynssona viser område med flaumfare basert på flaumsonekartlegging datert 15.11.2022. Omsynssona i plankartet syner kote 206,33 for Åraksfjorden og 205,11 for Byglandsfjorden som er 200-års flaum inkl. klimapåslag for sikkerheitsklasse F2. I tillegg kjem sikkerhetsmargin på +30 cm. Siste vedtekne flaumsonekartlegging vil alltid vere gjeldande. - For tiltak innanfor omsynssona må det bli dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for flaum jf. gjeldande byggteknisk forskrift. <i>Retningsline: For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av flaumutgreiing viser vi til NVE-rettleiar 3/2022 Sikkerhet mot flom.</i> 2.9.3 Flaum - Det generelle sikkerheitskravet jf. TEK17 § 7-2 er tilfredsstillande sikkerheit mot 200-års flaum. Minimum ei sone på 20 m på kvar side av bekkar og elvar er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje nyttast til utbyggingsformål. På strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 m, bør breidda minst være lik høgda. - Bygland kommune sine til ein kvar tid gjeldande flaumrapportar med flaumkartlegging ligg til grunn for fastsetting av sikker byggehøgde i områda som er omfatta av kartlegginga. - Jf. Kommunestyret sitt vedtak datert 09.02.2023, skal følgjande	4.1.3 Faresone for flaum H320 - Omsynssona H320_akt viser NVE sitt aktsemdskart for potensiell flaumfare. - Omsynssona H320_1 viser område med flaumfare basert på flaumsonekartlegging datert 15.11.2022. Omsynssona i plankartet syner kote 206,33 for Åraksfjorden og 205,11 for Byglandsfjorden som er 200-års flaum inkl. klimapåslag for sikkerheitsklasse F2. I tillegg kjem sikkerhetsmargin på +30 cm. Siste vedtekne flaumsonekartlegging vil alltid vere gjeldande. - For tiltak innanfor omsynssona må det bli dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for flaum jf. gjeldande byggteknisk forskrift. - Kart 4 Temakart flaum er juridisk bindande. <i>Retningsline: For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av flaumutgreiing viser vi til NVE-rettleiar 3/2022 Sikkerhet mot flom.</i> 2.9.3 Flaum - Det generelle sikkerheitskravet jf. TEK17 § 7-2 er tilfredsstillande sikkerheit mot 200-års flaum. - Bygland kommune sine til ein kvar tid gjeldande flaumrapportar med flaumkartlegging ligg til grunn for fastsetting av sikker byggehøgde i områda som er omfatta av kartlegginga. - Jf. Kommunestyret sitt vedtak datert 09.02.2023, skal følgjande høgder bli lagt til grunn ved saksbehandling av plan- og byggesaker:

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til																								
		høgder bli lagt til grunn ved saksbehandling av plan- og byggesaker: <table><tr><th>Sikkerheits-klasse</th><th>Sikker byggehøgde langs Åraksfjorden (moh)</th><th>Sikker byggehøgde langs Byglandsfjorden (moh)</th></tr><tr><td>F1</td><td>204,87</td><td>204,19</td></tr><tr><td>F2</td><td>206,73</td><td>205,41</td></tr><tr><td>F3</td><td>206,93</td><td>205,58</td></tr></table> d. Nødvendige sikringstiltak mot flaum skal vere gjennomført før utbygging av området jf. PBL § 11-9 nr.4.	Sikkerheits-klasse	Sikker byggehøgde langs Åraksfjorden (moh)	Sikker byggehøgde langs Byglandsfjorden (moh)	F1	204,87	204,19	F2	206,73	205,41	F3	206,93	205,58	<table><tr><th>Sikkerheits-klasse</th><th>Sikker byggehøgde langs Åraksfjorden (moh)</th><th>Sikker byggehøgde langs Byglandsfjorden (moh)</th></tr><tr><td>F1</td><td>204,87</td><td>204,19</td></tr><tr><td>F2</td><td>206,73</td><td>205,41</td></tr><tr><td>F3</td><td>206,93</td><td>205,58</td></tr></table> d. Nødvendige sikringstiltak mot flaum skal vere gjennomført før utbygging av området jf. PBL § 11-9 nr.4. e. Viser til pkt. 4.1.3 for føresegner til faresone for flaum (H320).	Sikkerheits-klasse	Sikker byggehøgde langs Åraksfjorden (moh)	Sikker byggehøgde langs Byglandsfjorden (moh)	F1	204,87	204,19	F2	206,73	205,41	F3	206,93	205,58
Sikkerheits-klasse	Sikker byggehøgde langs Åraksfjorden (moh)	Sikker byggehøgde langs Byglandsfjorden (moh)																									
F1	204,87	204,19																									
F2	206,73	205,41																									
F3	206,93	205,58																									
Sikkerheits-klasse	Sikker byggehøgde langs Åraksfjorden (moh)	Sikker byggehøgde langs Byglandsfjorden (moh)																									
F1	204,87	204,19																									
F2	206,73	205,41																									
F3	206,93	205,58																									
42	Omsynssone skred H310 Krysstilvising - Nytt pkt. 2.9.2 b.	2.9.2 Skredfare For tiltaksområde innanfor aktsemd- eller faresone for ras og skred jf. 2.9.1 skal vurdering av risiko og sårbarheit innehalde ein detaljert skredrapport utarbeidd av fagkyndige. Skredrapporten skal avklare farenivået jf. den seinaste versjonen av byggtknisk forskrift (TEK) og, dersom det er aktuelt, gjere greie for avbøtande tiltak. Eventuelle avbøtande tiltak skal inngå som vilkår i byggetillatinga, eller som rekkefølgekrav i reguleringsplan.	2.9.2 Skredfare a. For tiltaksområde innanfor aktsemd- eller faresone for ras og skred jf. 2.9.1 skal vurdering av risiko og sårbarheit innehalde ein detaljert skredrapport utarbeidd av fagkyndige. Skredrapporten skal avklare farenivået jf. den seinaste versjonen av byggtknisk forskrift (TEK) og, dersom det er aktuelt, gjere greie for avbøtande tiltak. Eventuelle avbøtande tiltak skal inngå som vilkår i byggetillatinga, eller som rekkefølgekrav i reguleringsplan. b. Viser til pkt. 4.1.2 for føresegner til faresone for skred (H310).																								
44	Omsynssone skred H310 Omsynssone Flaum H320 Temakarta manglar juridisk binding	4.1.2 Faresone for skred H310 a. Omsynssona viser NVE sitt aktsemdskart for potensiell skredfare. b. For del av Byglandsfjord og innanfor planområde til områderegulering for Ose bygdesenter er det gjennomført kartlegging av reell fare for skred. For desse områda er det desse faresonene som gjeld. c. Ved utarbeiding av reguleringsplan og behandling av byggesak innanfor omsynssona, må det bli dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred, jf. krav i TEK17 § 7-3 med rettleiing. <i>Retningsline: Skredfaren må vurderast av fagkyndig. For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av skredutgreiing, viser vi til NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng.</i>	4.1.2 Faresone for skred H310 a. Innanfor planområde til områderegulering for Ose bygdesenter er det gjennomført kartlegging av reell fare for skred. For desse områda er det desse faresonene som gjeld. <table><tr><th>Faresone</th><th>Beskriving</th></tr><tr><td>H310_1</td><td>Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/5000</td></tr><tr><td>H310_2</td><td>Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/1000</td></tr><tr><td>H310_3</td><td>Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/100</td></tr><tr><td>H310_4</td><td>Skredfarevurdering Ose. Flaumskred. Årleg nominell sannsyn >=1/5000</td></tr></table> b. Kart 2 Temakart aktsemd snøskred og steinsprang er juridisk bindande. Omsynssona H310_S3 viser NVE sitt aktsemdskart for potensiell snøskredfare for tiltak i tryggleiksklasse S3. NVE sitt aktsemdskart for potensiell fare for steinsprang er i stor grad dekkja av dette.	Faresone	Beskriving	H310_1	Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/5000	H310_2	Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/1000	H310_3	Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/100	H310_4	Skredfarevurdering Ose. Flaumskred. Årleg nominell sannsyn >=1/5000														
Faresone	Beskriving																										
H310_1	Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/5000																										
H310_2	Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/1000																										
H310_3	Skredfarevurdering Ose. Steinsprang/-skred. Årleg nominell sannsyn >=1/100																										
H310_4	Skredfarevurdering Ose. Flaumskred. Årleg nominell sannsyn >=1/5000																										

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
		4.1.3 Faresone for flaum H320 a. Omsynssona viser område med flaumfare basert på flaumsonekartlegging datert 15.11.2022. Omsynssona i plankartet syner kote 206,33 for Åraksfjorden og 205,11 for Byglandsfjorden som er 200-års flaum inkl. klimapåslag for sikkerheitsklasse F2. I tillegg kjem sikkerheitsmargin på +30 cm. Siste vedtekne flaumsonekartlegging vil alltid vere gjeldande. b. For tiltak innanfor omsynssona må det bli dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for flaum jf. gjeldande byggtেকnisk forskrift. <i>Retningsline: For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av flaumutgreiing viser vi til NVE-rettleiar 3/2022 Sikkerhet mot flom.</i>	Omsynssona gjeld difor for både snø og steinsprang. c. Kart 3 Temakart aktsemd jord og flaumskred er juridisk bindande. Omsynssona H310_akt viser NVE sitt aktsemdskart for potensiell jord- og flaumskredfare. <i>Retningsline:</i> i. Skredfare må vurderast av fagkyndig. For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av skredutgreiing, viser vi til NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng. 4.1.3 Faresone for flaum H320 a. Omsynssona H320_akt viser NVE sitt aktsemdskart for potensiell flaumfare. b. Omsynssona H320_1 viser område med flaumfare basert på flaumsonekartlegging datert 15.11.2022. Omsynssona i plankartet syner kote 206,33 for Åraksfjorden og 205,11 for Byglandsfjorden som er 200-års flaum inkl. klimapåslag for sikkerheitsklasse F2. I tillegg kjem sikkerheitsmargin på +30 cm. Siste vedtekne flaumsonekartlegging vil alltid vere gjeldande. c. For tiltak innanfor omsynssona må det bli dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for flaum jf. gjeldande byggtেকnisk forskrift. d. Kart 4 Temakart flaum er juridisk bindande. <i>Retningsline:</i> i. For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av flaumutgreiing viser vi til NVE-rettleiar 3/2022 <i>Sikkerhet mot flom</i>.
46	Faresone for høgspenning H370 Legge inn avstandskrav i føresegnene - nytt pkt. a.	4.1.4 Faresone for høgspenning H370 a. Innanfor faresona er det byggeforbodsbelte og alle tiltak i terreng skal bli avklart med leidningseigar. Høgspenningsanlegget kan generere elektromagnetiske felt utover omsynssona. Netteigar må bli kontakta ved tiltak nærme faresona for å få opplysningar om spenningsnivå, byggeforbods- og ryddebelte eller om andre elektriske installasjonar. b. Jordkablur er ikkje omfatta av omsynssona, og må bli tatt omsyn til ved tiltak.	4.1.4 Faresone for høgspenning H370 a. Avstandskrav er 30 m for arbeid i nærleiken av høgspenninganlegg. b. Innanfor faresona er det byggeforbodsbelte og alle tiltak i terreng skal bli avklart med leidningseigar. Høgspenningsanlegget kan generere elektromagnetiske felt utover omsynssona. Netteigar må bli kontakta ved tiltak nærme faresona for å få opplysningar om spenningsnivå, byggeforbods- og ryddebelte eller om andre elektriske installasjonar. c. Jordkablur er ikkje omfatta av omsynssona, og må bli tatt omsyn til ved tiltak.

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
56	Sikringssone for drikkevatn – forenkling og presisering	4.1.1 Sikringssone for drikkevasskjelde H110 - Eigar av vassforsyningssystem skal sjå til at det blir planlagt og gjennomført nødvendig vern for å forhindre fare for forureining av drikkevatnet, og om nødvendig erverve rettigheter for å oppretthalde vernet, jf. drikkevatnforskrifta § 26. - Innanfor sikringssona er det ikkje tillate med aktivitet eller fysiske inngrep som kan medføre fare for forureining av vasskjelda. - Tilrettelegging for alminneleg ferdsel og friluftsliv som ikkje medfører fare for forureining av vasskjelda, kan tillatast. - Driftsbygningar for jord- og skogbruk i forbindelse med eksisterande gardar, med dette også våningshus og kårustad, er tillate under føresetnad at føresegnene nedanfor gjeldande avløp blir følgd. - For eksisterande og moglege nye bygg, samt oppgradering av eksisterande avløpsanlegg, gjeld forureiningslova, forureiningsforskrifta, føresegnar i lokal avløpsforskrift og klausuleringsføresegnar. - I sikringssona er det eit forbod mot all installasjon og bruk av nedgrave drivstoff- og kjemikalietankar og liknande. - Forbod mot lagring av oljeprodukt, kjemikalier og plantevernmiddel i større mengder enn det som er nødvendig for eiga gardsdrift og hushaldning. Tankar skal ha moglegheit for oppsamling for det aktuelle volum i tilfelle utslipp. - Persistente pesticidar (ikkje-nedbrytbare plantevernmiddel) må ikkje bli nytta i sikringssona.	4.1.1 Sikringssone for drikkevasskjelde H110 Sikringssonene er i samsvar med nedbørsfeltet til drikkevasskjeldene. Formålet med føresegnene er å redusere fare for forureining av drikkevatnet. - Arealbruksendringar og tiltak som krev større natur-/terrenginngrep skal bli utgreia med omsyn til drikkevasskjelda. Planar om slike tiltak må bli lagt fram for kommunal myndigheit for drikkevatn. - Ny næringsverksemd skal ikkje bli etablert dersom det er fare for forureining eller forverring av vasskvaliteten. Nye planar må bli lagt fram for kommunal myndigheit for drikkevatn/eigar av vassverket for godkjenning. - Dersom kjelda for til vassverket (overflatevatn) blir flytta utanfor nedbørsfeltet, blir endra til grunnvatn eller vassverket blir nedlagt, så vil ikkje sikringssona vere gjeldande. <i>Retningslinjer :</i> <i>Innanfor sikringssonene er det spesielt viktig at transport og lagring av kjemikalie, husdyrgjødsel, avløpsslam, plantevernmiddel, drivstoff, oljehaldige produkt og andre forureinande forbindelsar blir gjort på ein slik måte at det ikkje utgjer fare for forureining av vassførekomst.</i> <i>Alle planar om arrangement og aktivitet der det kan vere tvil om forureiningsfare, skal bli lagt fram for kommunal myndigheit for drikkevatn/eigar av vassverket før aktiviteten kan bli tillate. Dette gjeld også når vasskjelda er islagt.</i> <i>Ved ombygging og nyanlegg av skogsvegar skal omsyn til drikkevatn bli vektlagt.</i>
57	Krav om påbegynt detaljregulering av nye byggeområde innan 4 år.	2.1 Plankrav (§11-9 nr 1) Arbeid og tiltak som er nemnt i PBL § 20-1 a, d, k og l, kan ikkje finne stad før området inngår i ein reguleringsplan. Dette gjeld område avsett til framtidig utbyggingsformål og eksisterande utbyggingsområde kor det ikkje er ein gjeldande reguleringsplan. Kravet gjeld ikkje enkel tilrettelegging for allment friluftsliv i form av tursti, brygge, toalett og badeplassar innanfor statleg sikra friluftsområde eller område avsett til grønstrukturformål. Lov om jord (jordlova) skal gjelde inntil det ligg føre reguleringsplan for områda.	2.1 Plankrav (§11-9 nr 1) Arbeid og tiltak som er nemnt i PBL § 20-1 a, d, k og l, kan ikkje finne stad før området inngår i ein reguleringsplan. Dette gjeld område avsett til framtidig utbyggingsformål og eksisterande utbyggingsområde kor det ikkje er ein gjeldande reguleringsplan. Kravet gjeld ikkje enkel tilrettelegging for allment friluftsliv i form av tursti, brygge, toalett og badeplassar innanfor statleg sikra friluftsområde eller område avsett til grønstrukturformål. Lov om jord (jordlova) skal gjelde inntil det ligg føre reguleringsplan for områda. Detaljregulering av nye byggeområde må vere påbegynt innan 4 år etter vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
58	Fjerne krav om tilgang til vinterbrøyta veg for nye fritidsbustadområde	3.1.2.2 Framtidig fritidsbustadområde a. I framtidige område for fritidsbustad, er det krav om utarbeiding av detaljregulering jf. planføresegnene kapittel 2. b. Utnytting og høgder blir sett gjennom regulering. c. Nye område for fritidsbustad skal bli planlagt på ein slik måte at landskap, vegetasjon, dyreliv, terreng og turløyper/skiløyper blir ivaretatt på ein god måte. d. Det skal ved utarbeiding av detaljplan bli tatt omsyn til ålmenta sine interesser, særleg i utanfor byggegrensa ved vatn og vassdrag. Det skal bli sett av ei sone mellom bygd område og vatn/vassdrag til friluftsmål. Tiltak i strandsona skal bli samlokalisert i størst mogleg grad. e. Nye område for fritidsbustad skal berre bli etablert der det er tilgang til vinterbrøyta veg.	3.1.2.2 Framtidig fritidsbustadområde a. I framtidige område for fritidsbustad, er det krav om utarbeiding av detaljregulering jf. planføresegnene kapittel 2. b. Utnytting og høgder blir sett gjennom regulering. c. Nye område for fritidsbustad skal bli planlagt på ein slik måte at landskap, vegetasjon, dyreliv, terreng og turløyper/skiløyper blir ivaretatt på ein god måte. d. Det skal ved utarbeiding av detaljplan bli tatt omsyn til ålmenta sine interesser, særleg i utanfor byggegrensa ved vatn og vassdrag. Det skal bli sett av ei sone mellom bygd område og vatn/vassdrag til friluftsmål. Tiltak i strandsona skal bli samlokalisert i størst mogleg grad.

Nr	Område/tema	1. gongs høyring	Endra til
